

## Telemark Venstre ønsker en større satsing på tog

Tog er ein grunnleggande infrastruktur i all berekraftig samferdselsstrategi. Så kor er dei store vyane for jernbane i Noreg? I Nasjonal transportplan er grunnlaget 55 prosent til veg og 45 til jernbane og kollektiv. Nasjonalt ligg ein i dag på om lag 35 prosent til kollektiv transport, men dette er medreikna dei store kommunane som trekk talet kraftig opp. I store delar av landet forholdstalet langt dårlegare for kollektivtrafikken, og jernbanetilbodet er prega av at det ikkje kan konkurrere på verken pris eller tidsbruk. Trass dette er det få konkrete planar eller løfter om langsiktig investering og satsing på eit jernbanetilbod som både kan styrke distrikta, gi grønne alternativ til reise mellom storbyane, få meir gods over frå veg til bane og i det heile tatt legge ein minimumsstandard for eit moderne jernbane-Noreg.

Vest- og Midt-Telemark er det stor frustrasjon over mange forseinkingar og det som blir oppfatta som eit dårleg tilbod på Sørlandsbanen. Denne togstrekninga har den svakaste statistikken i landet når det gjeld punktlegheit. I staden for å bruke GoAhead og Sørlandsbanen frå Bø er det derfor fleire og fleire som køyrer til Kongsberg for å bruke Vy sitt tilbod derifrå.

Telemark Venstre meiner derfor at medan me ventar på ei overordna nasjonal satsing, bør togruta L12 Eidsvoll-Kongsberg til Vy forlengast og køyre heilt til Bø stasjon. Allereie nå med dagens rutetider er det mogleg å la siste kveldstoget til Kongsberg fortsette til Bø eller Neslandsvatn, og la det køyre derifrå som fyrste tog på morgonen.

Sørlandsbanen er ein av dei jernbanestrekningane som har dårlegast punktlegheit i landet, og passasjerane kan ikkje lenger stole på at toget kjem, at dei får tilstrekkeleg informasjon, eller at alternativ transport blir sett opp. Dette er uholdbart og skaper stor frustrasjon her og nå, og på lang sikt flukt frå tog som transportmedel.

Telemark Venstre meiner derfor at det må stillast større krav til togselskapet GoAhead om å ivareta informasjonsplikt og å stille med alternativ transport på ein føreseieleg og tilfredsstillande måte. Telemark Venstre vil ha ei forpliktande nasjonal satsing på jernbane i Noreg, og medan ein ventar på ei overordna større satsing vil me ha strakstiltak.

### Telemark Venstre vil derfor ha:

- Utbedring av jernbanespor og auka kapasitet utanfor dei store byane, blant anna dobbeltspor frå Tønsberg til Skien på Vestfoldbanen
- Høgastigheitsbanar mellom Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim
- Tydelege planar for flytting av meir gods frå veg og over til bane og sjø
- Eit forholdstal mellom veg og kollektivtrafikk der kollektivtrafikk og jernbane står for minst 50 % av trafikken.
- Forlenging av togrute L12 Eidsvoll-Kongsberg to gonger i døgnet
- Betra forbrukarrettigheitar på Sørlandsbanen

Vedtatt 10.februar 2024, Telemark Venstre